



Betel Søndagskule
Arvid Valdersnes
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/942 - 14/12334

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
25.11.2014

Informasjon til lag og organisasjonar - november 2014

Kulturkalenderen på nettsidene

Me vil oppfordra alle lag og organisasjonar til å ta i bruk kulturkalenderen på nettsidene våre. De kan registrera dykk som lag, og dermed få eit eige passord som gjer at de kan leggja ut arrangement utan godkjenning. Om de ikkje ynskjer å registrera laget, kan de likevel leggja inn arrangement. De må då venta på godkjenning før arrangementet vert publisert på nett. Trykkjer de på sjå kalender for heile Nordhordland finn de lenker både til lag og organisasjonar, der de kan registrera laget, og til registrer arrangement.

I tillegg til at de får gjort kjend arrangementet, er kulturkalenderen tenkt til hjelp for å unngå kollisjonar med større arrangement. Me vil difor oppfordra dykk om å sjekka kalenderen før de bestemmer dato for arrangement.

Spelemidlar til idretts- og friluftsanlegg

Lag og organisasjonar kan søkja om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opna for allmenn idrettsleg verksemd (idrett og fysisk aktivitet for alle), og som ikkje er underlagde fortenebaserte eigarformer. Søknadsfrist er 1. desember 2014.

Anleggseigaren pliktar å halda anlegget ope for allmenn idrettsleg aktivitet i 40 år frå ferdigstilling av anlegget. Det vert ikkje ytt tilskot av spelemidlane til drift, leige, kjøp av grunn eller dekning av gjeld. Der ikkje anna er fastsett, kan det ystast tilskot til ordinære anlegg medrekna rehabilitering på inntil 1/3 av godkjend kostnad.

Det skal søkjast gjennom Radøy kommune. Det er eit vilkår for å kunna søkja at anlegget er teke med i Radøy kommune si prioriteringsliste for idrettsanlegg. Denne lista skal vedtakast av formannskapet i desember 2014.

Før det kan søkjast om tilskot til eit anlegg må kommunen registrere anlegget i idrettsanleggsregisteret. Ta kontakt med Sveinung Kvamme, tlf 56 34 90 40. Søknader om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, med aktuelle vedlegg, skal leverast elektronisk på www.idrettsanlegg.no.

Tilskotsordningar

Hordaland fylkeskommune har lyst ut midlar til freda og verneverdige bygningar, kulturlandskap og fartøy. Desse tilskotsordningane har søknadsfrist 1. desember. For meir informasjon, sjå <http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/>, eller ta kontakt med underteikna på tlf. 56 34 90 12.

BKK lokal støttar tiltak som kan gjera regionen vår levande og mangfoldig og til ein god og attraktiv stad å besøkje, bu og jobba i. Søknadsfrist er fire gonger i året, neste gong 1. januar. For meir informasjon og søknadsskjema, sjå http://www.bkk.no/om_oss/sponsing-stotte/vaare-stotteordninger/bkk-lokal/

Norsk kulturråd har ei rekkje støtteordningar og fristar er fire gonger i året. Neste gong er 1. desember. For meir informasjon, sjå <http://www.kulturradet.no/stotteordninger>

Stormbergstipendet vert delt ut til eit tiltak som viser samfunnsansvar og byggjer opp under verdiane ærleg, modig, inkluderande og berekraftig. Søknadsfrist er 30. november. Les meir: <http://www.stormberg.com/no/om-stormberg/samfunnsansvar/stormbergstipendet/>

Friluftslivets år

2015 er friluftslivets år, og dette vil vera eitt av satsingsområda våre neste år. Det vil verta sett ned ei arbeidsgruppe i kommunen, og ei referansegruppe der nokre lag og organisasjonar vil vera representert.

Av prosjekt me vil arbeida med, er mellom anna skilting og merking av turløyper. Dette er eit prosjekt der me kan søkje midlar frå Gjensidigestiftelsen/Hordaland fylkeskommune til å skilta løyper etter nasjonal standard. I Radøy har me skilta nokre få løyper, mellom anna delar av gamlevegen over Radøy, men me vil gjerne skilta fleire. Ta gjerne kontakt på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no om de ynskjer eit samarbeid om skilting og merking av turløyper.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Betel Søndagskule	Arvid Valdersnes	5939	SLETTA
Dale grendahus	Sævdalsvegen 4	5936	MANGER
Halland, Sævdal og Lauvåsen vel v/Monica Grindheim			

Mottakrar:

Hella bedehus	Steinar Vågenes	5936	MANGER
Hordabø barnekantori	Sølvi Kvalheim	5937	BØVÅGEN
	Mjøs		
Hordabø Idrettslag v/Ove Hamre	Radøyvegen 2975	5937	BØVÅGEN
Hordabø Mini- og barnekantori	Sølvi Helen	5937	BØVÅGEN
	Kvalheim Mjøs		
Hordabø skulemusikklag			
Hordabø ungdomslag			
Keipane Kystlag			
Knappen båtlag			
Kolstad krinslag			
Kristen Idrettskontakt -KRIK	Heidi Soltvedt		
Kyrhovden velforening			
Manger Barnekor Baluba v/Astrid Mellingen		5936	MANGER
Manger Bygdslag	Odd Matre	5936	MANGER
Manger grunneigarlag			
Manger Helselag	Björg Tveiten	5936	MANGER
	Skiftesvik		
Manger Idrettslag	Odd Helge Hagen	5931	MANGER
Manger indremisjon	Hellandsvegen 269	5936	MANGER
Manger In-Puls - Manger Bedehus	Elna Bauge	5936	MANGER
Manger Musikklag	Nils-Arne Træland	5931	MANGER
Manger Old Star Brass v/Vigdis Villanger		5937	BØVÅGEN
Manger Skulemusikklag	Postboks 50	5931	MANGER
Manger Ungdomslag	Jan Tore Hvidsten	5931	MANGER
Marøy grendalag v/Vigdis Marøy		5937	BØVÅGEN
Marås 4H	Björg Konglevoll	5938	SÆBØVÅGEN
	Lunde		
Marås Grendalag v/Terje Halland	Lervikvegen 30	5936	MANGER
Menigheten Filadelfia Manger			
Mental Helse Radøy/Austrheim	Wenche Frantzen	5936	MANGER
Naturvernforbundet i Nordhordland v/Jan Nordø		5943	AUSTRHEIM
Nedre Storheim/Kalnes Bygdslag	Grethe Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Nordanger Gardsmuseum	Johannes	5939	SLETTA
	Birkeland		
Nordanger Grendahus	Nedre Soltveit 56	5939	SLETTA
Nordhordland Husflidslag v/Aud Marit Halland	Lervikvegen 24	5937	BØVÅGEN
Nordhordland Jakt og Fiske v/Oddmund Solbakken		5903	ISDALSTØ
Nordhordland lag av hørselhemmedes landsforbund v/Rune Eikeland		5918	FREKHAUG
Nordhordland seilforening	Harald Matland	5906	FREKHAUG

Mottakrar:

Nordhordland Turlag	Vibeke Døsvik Haukeland		
Olsvoll Bedehus	Else Marie Dale	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy Bondelag	Bjørnar Floen	5939	SLETTA
Radøy damekor			
Radøy Hestesportklubb v/Kari Kvammen	Toskavegen 492	5936	MANGER
Radøy Idrettslag	Olav Steinar Namtvedt	5939	SLETTA
Radøy Idrettsråd	Bjørn Ove Myking	5937	BØVÅGEN
Radøy Kunst Senter	Roger Gjerstad	5937	BØVÅGEN
Radøy lag for funksjonshemma	Marlen R. Rikstad	5936	MANGER
Radøy Lag LHL	Berit Kvalvik	5936	MANGER
Radøy Motorsamling	Guttorm Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy musikkråd			
Radøy mållag			
Radøy Old Boys			
Radøy Pensjonistlag	Arne Villanger	5937	BØVÅGEN
Radøy RC	Stig Reitan	5135	FLAKTVEIT
Radøy Sauesalslag	Kåre Hole	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy Skyttarlag	Kornelius Manger	5936	MANGER
Radøy Sogelag v/Einar Borgund	Einar Borgund	5936	MANGER
Radøy Symjeklubb			MANGER
Radøy sør grunneigarlag			
Radøy/ Manger Fotballklubb	Arne Askeland	5931	MANGER
Risnes Grendalag	Tore Villanger	5937	BØVÅGEN
Risnes grunneigarlag			
Rockeverkstaden Radøy ungdomsskule	Bjørn H Bendiksen	5936	MANGER
Rufy - Fritidsgruppa	Gro Borgund	5936	MANGER
Seilfaldet velforening			
Songlaget Alvidt/Manger	Rigmor Korneliussen	5914	ISDALSTØ
Storhaugstova v/Mariann Lie Drivenes	Toska	5936	MANGER
Strileknekten B.L	Rune Tjore	5938	SÆBØVÅGEN
Sæbø Barnekor	Heidi Marås/Irmelin Hordvik	5938	SÆBØVÅGEN
Sæbø Skulemusikklag			SÆBØVÅGEN
Sæbø Ungdomslag	Øystein Marås	5938	SÆBØVÅGEN
Sætre Grendalag	Gerd Helen Bøe	5936	MANGER
Tjorehagen			
Vestnorsk utvandringssenter			